

Referat frå møte i SU Bokn skule

Onsdag 24.september kl 19:00 på Naturfagrom skule

Frå politikarar: Svein Ove Alvestad

Frå FAU: Aksel Vierdal og Malene Mæland.

Frå elevrådet: Live og Linnea

Frå tilsette: Silje, Ann Kristin

1. Skulerute dette skuleåret

– forslag om endring

I skuleruta er det sett opp plandag og elevfri 22.mai 2026. I ettertid har Udir vedteke dette som ein mogleg eksamensdato. Dermed må dagen flyttast. Me har foreslått å flytte denne til 18.mai. Dette har og vore handsama i FAU.

Plandag fastsett 22.mai vert flytta til 18.mai

2. Budsjettsaker

Skulen vil spele inn ulike prosjekt til den politiske budsjettprosessen. Eksempel er digitale tavler på ungdomstrinnet, auka innkjøp av bøker, lyssetting i amfi og fellesareal, lekehytter i småskulearealet.

SU kan koma med ting dei ynskjer ein skal ha fokus på og leggja fram for politikarane.

Solskjerming og lysstyring u-trinn

Overstyring lys – forestilling fellesareal.

Utskifting av tavler u-trinn

Uteområdet 1.-4. klasse -klatrevegg eller noko slikt, hytter.

Sitteplasser ute u-skulen

Store reiler for u-trinn

Vedlikehold av uteområdet-volleballnett mellomtrinn

Ballbinge – hull og vedlikehold

Luftkvalitet mellomtrinn

3. Skyssordningar

Informasjon om korleis skyssreglement vert vedteke i fylkeskommune. Korleis Kolumbus administrerar det og om kva Bokn kommune reelt har moglegheit til å påverke lokalt.

Bakgrunn for saka er at foreldre ynskjer skysskort og tilgong til buss når dei har takka ja til SFO.

Dersom ein skal opprette skulerute der det ikkje er ungar som har rett på skyss, vil det måtte sendast søknad til Kolumbus som må rekna ein pris på ruta. Deretter må det lagast politisk sak til kommunestyret.

Skulen vil informere betre om at foreldre som vel SFO for borna mister retten til fri skyss. Dei kan få skysskort og betala for skyss sjølv dei dagane borna ikkje nyttar SFO. Det forutset at det er sett opp skulerute i aktuelt område.

4. Pedagogisk ståstad

Personalet på skulen har med bakgrunn i Oppvekstplan og sine ynskjer for skule utarbeida ein pedagogisk ståstad som skal vera retningsgivande for arbeidet vårt.

Innspel:

Godt dokument. Det viktige er å få det til å verka.

Dialog om bruk av smarttelefon og skjerm. Ynskjer ein arena der foreldre snakkar saman om aldersgrense for at borna skal få mobiltelefon. Skulen er mobilfri. Det fungerer godt. Elevane meiner det er positivt for miljøet at mobilane er vekke frå skuledagen. Skulen vil starta med å kvitvaske eininga som vert nytta i skulen. Det vil sei at Ipad og PC for elevane berre vil få tilgong til dei appene som vert brukt pedagogisk til læring.

5. Årshjul forsvarleg system

Me hadde ei gjennomgang av korleis dette er bygd opp og korleis SU kan påverka det. Samt setje opp møtedatoar i årshjulet for SU.

SU ynskjer 3 møter årleg:

24.september

15.januar

7.mai

Val av leiar i SU – Silje

Val av sekretær - Åse

6. Kompetanseplan

Bokn skule har kompetanseplan og denne skal til orientering i SU.

Det er no midlar til kompetanse heving med tilskot frå staten. Nokre av midla vert sett på fond. Me vil ikkje få tilsvarande midler dei neste åra.

Kompetanseplanen vart teke til orientering

7. SMART – satsing på eit felles tankesett og språk for å arbeide med trygt og godt skulemiljø. smartoppvekst.no

a. Foredrag for foreldre 16.oktober

b. Dialogkafe for foreldre 12.november